



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Fretheim hotell, Flåm
Møtedato	17.- 18.06.2019
Kl.	17.06. kl 12:00 – 22:00 18.06. kl 09:00 – 13:00

Faste medlemer til stades:

Karen Marie Hjelmeseiter, Sp, leiar
Jakob Andre Sandal, SV
Erlend Haugen Herstad, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Anne Lilleaasen, H
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Hilmar Høl, Ap
Aleksander Øren Heen, Sp

Varamedlemer til stades:

Arve Mjømen, H

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Erlend Haugen Herstad til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

- Aktuelle saker i Sogn og Fjordane og Hordaland ved utvalsleiarane.
- Politisk organisering og organisering av avdeling for kultur, idrett og inkludering og avdeling for innovasjon og nyskaping ved fylkesdirektør for kultur og idrett Per Morten Ekerhovd og fylkesdirektør for næring og kultur Jan Heggheim.
- Nasjonal verdsarvpolitikk – mål og utfordringar og fylkeskommunen si rolle ved fylkeskonservator David Sandven Aasen.
- Verdsarvråda og politiske utfordringar ved leiar Marit Aakre Tennø, Urnes, rådsmedlem Kjell Håland, Bryggen og nestleiar Hans Erik Ringkjøb, Vestnorsk fjordlandskap.
- Nærøyfjorden verdsarvpark ved dagleg leiar Erling Oppheim
- Cruisestrategi med verdsarvbriller ved Erling Oppheim.

Etter møteslutt første dag inviterte Bergen og Hordaland turlag, Sogn og Fjordane turlag, og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) frå begge fylka til friluftstur til Fronnes.

SAK 53/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur

Følgjande skriv og meldingar vart lagde fram til orientering:

1. Hydrogen Valley - Letter of support
 2. Landbrukskonferansen i Vestland 2019 - program
 3. Folkebibliotekstatistikken 2018
 4. Kommentarer til "Vurdering av ny fordelingsnøkkel til Den kulturelle skolesekken"
 5. Jakob Sande senter for forteljekunst på Vestlandet - forprosjektrapport
 6. Invitasjon til fylkeskommunane - drøftingsmøter av oppgåvedeling på kulturområdet
 - a. Milepælsplan - drøfting og implementering av ny oppgåvedeling
 - b. Kulturrådet sine anbefalingar om framtidig organisering og ansvarsfordeling på kulturområdet
 - c. Drøfting av oppgåvedeling på kulturområdet - oppgåveområder
 - d. Til drøfting - tilskuddspostar sortert per fylke - vedlegg invitasjonsbrev
 7. Breibanddekning og uløyste behov - Sogn og Fjordane
 8. Svakast breibanddekning - størst reduksjon i støtte frå staten
 - a. Samla oversikt over kommunane sine søknader 2019
 9. Campus Førde verftet AS - vedtekter
 - a. Campus Førde verftet AS - vedtekter
 10. Oppfølging - etablering av eit programstyre for lokalmat og reiseliv
 11. Kulturmidlar 2019 - fordeling av midlar
 - a. Kulturmidlar 2019 - tilskot til drift
 - b. Kulturmidlar 2019 - arrangørar og spel
 - c. Kulturmidlar 2019 - Festivalar
 - d. Kulturmidlar 2019 - tilskot til prosjekt og tiltak
 - e. Kulturmidlar 2019 - folkehelse
 12. Møteplan 2019 – endringar - muntleg orientering ved fylkesdirektøren.
- Hovudutvalet tek sikte på at siste hovudutvalsmøte vert halde 1. oktober og at møte i november vert avlyst. Formelt vedtak om dette vert først gjort på hovudutvalsmøte 1. oktober.

SAK 54/19 Spelemidlar til kulturbygg 2019

VEDTAK:

1. Tilskot til kulturbygg for 2019 vert fordelt slik:

Kommune	Anleggsnr.	Søkjar	Namn på bygg	Tilskotssum
Fjaler	73434	Jensbua Kystkultursenter AS	Jensbua kystkultursenter	Kr. 117 000
Flora	54572	Flora kommune	Eikefjord kulturstove	Kr. 500 000
Høyanger	64560	Høyanger kommune	Gunnar S. Galleri	Kr. 500 000
Naustdal	50888	Naustdal kommune	Naustdal bibliotek	Kr. 127 000
Sogndal	10709	Sogndal kommune	Sogndal kulturhus	Kr. 750 000
Vågsøy	73390	Refvik Bygdeutvikling AS	Lensmannshuset i Refvik	Kr. 302 000
			Totalt:	Kr. 2 296 000

2. Disse søknadane om tilskot til kulturbygg 2019 får avslag:

Kommune	Anleggsnr.	Søkjar	Namn på bygg	Status
Flora	74970	Stavøy Grendelag	Stavøy Grendehus	Godkjend
Førde	72439	Førde Normisjon	Førde bedehus	Godkjend
Gaular	73410	Gaular kommune	Gaular kulturhus	Godkjend
Gaular	9662	Bygstad samfunnshus SA	Bygstad samfunnshus	Godkjend
Gaular	73460	Gaular kommune	Gaular folkebibliotek	Godkjend
Hyllestad	75068	Hyllestad kommune	Kultursal	Godkjend
Naustdal	74906	Naustdal ungdomslag	Fosshalla	Godkjend
Vågsøy	31251	Vedvik grendelag	Vedvik Grendehus	Godkjend
Årdal	12060	Farnes ungdomslag	Solvang ungdomshus	Godkjend
Fjaler	75065	Framhug ungdomslag	Framtun ungdomshus	Ikkje godkjend
Fjaler	39848	Flekkje ungdomslag	Vonheim ungdomshus	Ikkje godkjend
Førde	9762	Førde kommune	Førdehuset	Ikkje godkjend
Jølster	66120	Vårvon ungdomslag	Svidalen grendehus	Ikkje godkjend

3. Det vert sett av 76 640 kr til klagehandsaming.

4. Søkjarar som har fått avslag på sine søknadar kan fornye sine søknadar i 2020.

SAK 55/19 Kulturmidlar 2019 - Utviklingstiltak, hovudfordeling

VEDTAK:

1. Det vert løyvd kulturmidlar til følgjande nye utviklingstiltak i 2019:

Tittel på prosjekt	Søkjar	
Utvikling av teater i den gamle ullvarefabrikken	Gamle Innvik ullvarefabrikk	100 000 kr
Using Theatre to Make Politics	Creative Connections Norway	50 000 kr
Sum		150 000 kr

2. Det vert løyvd midlar i 2019 til følgjande utviklingstiltak som også fekk midlar i 2018:

Tittel på prosjekt	Søkjar	
Rom for ord. Litterære møtestadar i distrikta.	Førde kommune	200 000 kr
Sum		200 000 kr

3. Det vert løyvd midlar til følgjande utviklingsavtalar i 2019:

Tittel på prosjekt	Søkjar	
Utviklingsavtale 2017 - 2019	Sogn og Fjordane idrettskrins	200 000 kr
Utviklingsavtale 2016 - 2018, forlenga 2019	Gloppen musikkfest	150 000 kr
Utviklingsavtale 2016 - 2018, forlenga 2019	Sogn og Fjordane ungdomslag	150 000 kr
Utviklingsavtale 2018 - 2019	Forum for natur og friluftsliv	200 000 kr
Sum		700 000 kr

4. Det vert ikkje løyvd kulturmidlar utviklingstiltak 2019 til:

Tiltak:	Søkjar:
Danseforestilling «Ein studie i Wittgensteins språkspel»	Anna Einemo Frøysland
23/7 SCENE	Jostein Avdem Fretland
Kunstoffilm	KULLA Productions AS
«Gjenstand for»	Fredrik Høstaker
Verkstad med Risoprinter	Vy Designlab AS

5. 910 000 kr vert dekkja av teneste 4005 til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

6. Vilkår for utbetaling av tilskot er at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Godkjende planar, rapportar og rekneskap som gjeld det einskilde tiltak vert lagt fram, og at vilkår elles knytt til løyvinga er oppfylt.

SAK 56/19 Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 2

VEDTAK:

- 1) VIS AS får eit tilskot på 100 000 kr. til å gjennomføre Innovasjonsuken OPP 2019
- 2) Adalia AS får avslag på søknad om tilskot til prosjektet «Mitt yrke- Unge gründere i Sogn og Fjordane»
- 3) Framtidsfylket AS får eit tilskot på 300 000 kr. til å gjennomføre TEx Vest – Teknologifestivalen på vestlandet
- 4) Momentum 2020 v/Ingebjørg Vamråk får avslag på søknad om tilskot til prosjekt «Praktisk nyskaping i lokalsamfunnet»
- 5) Innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert tildelt kr 700 000
- 6) Det vert sett av kr 300 000 til å dekke kostnader i samband med forming av næringsinnsatsen i nytt fylke
- 7) Sør Energi AS får eit tilskot på 280 000 kr. til Gardsvarmeprosjekt Vestlandet 2019-2020
- 8) Fylkesmannen i Vestland får eit tilskot på 60 000 kr. til prosjektet « Meir bruk og foredling av regional trevirke; tresatsinga i Vestland fylke 2019 -21
- 9) Restmidlar frå INU-ordninga vert disponert slik:

- Tettstadutvikling 1 431 517 kr
- Oppfølging av tilskot 100 000 kr

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til tettstadutvikling. Tettstadmidlane skal gå til prosjekt i kommunane Flora, Sogndal og Førde og tildelast etter søknad. Det vert opna for å støtte stadutviklingstiltak som er i grenseland for dei vanlege reglane for tettstadutvikling. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 100 000 kr. til oppfølging av tilskot.

- 10) Søknad frå Måløy Vekst om tilskot til prosjektet Måløy Ocean Hub får avslag
- 11) Tilskota vert finansiert slik:
 - a) Tilskotet til VIS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenestoområde 7015-nyskaping
 - b) Tilskotet til Framtidsfylket AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - c) Løyving til innsats for nærings- og samfunnsutvikling i bygder og distrikt vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - d) Løyving til arbeid med å forme næringsinnsatsen i nytt fylke vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring
 - e) Tilskotet til Sør Energi AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring

- f) Tilskotet til Fylkesmanne i Vestland vert dekket med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.
